



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-213

10. desember 2018

Vedtak om grensejustering mellom kommunane Finnøy og Hjelmeland

Eg viser til brev av 8. juni 2018 frå Fylkesmannen i Rogaland med fylkesmannens utgreiing og tilråding i saka om grensejustering mellom kommunane Finnøy og Hjelmeland, for øya Ombo.

Bakgrunn

Stortinget vedtok 8. juni 2017 samanslåing av kommunane Finnøy, Rennesøy og Stavanger. Kommunane blir slått saman frå 1. januar 2020.

Ombo er delt mellom kommunane Finnøy og Hjelmeland. Det bur 240 innbyggjarar på øya, 162 i Finnøy kommune og 78 i Hjelmeland. For å komme til Ombo er ein avhengig av ferje eller hurtigbåt til kaiene ved Eidssund (Finnøy kommune) eller Skipavik (Hjelmeland kommune). Frå Eidssund går det ferje 18 gonger dagleg og hurtigbåt 13 gonger dagleg. Ferja mellom Skipavik og Hjelmeland har 11 anløp om dagen. Hurtigbåt til Stavanger stoppar også her. Om lag 35–40 innbyggjarar på Ombo pendlar mot Judaberg og vidare til Stavanger. Frå Hjelmelandsida pendlar om lag 10 personar via Hjelmeland. Pendlemønsteret kan endra seg med ferdigstilling av Ryfast.

I samband med kommunereforma gjennomførte Opinion i november 2016 ei innbyggjarundersøking. Undersøkinga viste at eit fleirtal på 92 prosent ville at øya skulle tilhøyre ein kommune. Når det gjeld kva kommune øya bør tilhøyre, meinte totalt 73 prosent av innbyggjarane at Ombo bør tilhøyre Finnøy/nye Stavanger. I dei ulike krinsane ville 93 prosent av innbyggjarane i Ombo krins (Finnøy kommune) tilhøyre nye Stavanger og 5 prosent Hjelmeland kommune. I Vestersjø krins (Hjelmeland kommune) ville 74 prosent tilhøyre Hjelmeland og 26 prosent tilhøyre Stavanger.

Begge kommunane fatta etter dette likelydande vedtak om at Ombo skulle tilhøyre nye Stavanger. I ei oversikt over vidare arbeid med grenseendringar i Rogaland frå fylkesmannen til departementet, oppsummerte fylkesmannen i juni 2017 at *"kommunane har vedtatt at heile øya Ombo skal tilhøyre Finnøy kommune ("Nye Stavanger"). Når vi mottar eit kommunalt initiativ om slik grensejustering, er fylkesmannen positiv til ei slik grensejustering"*.

I august 2017 fekk ordføraren i Hjelmeland eit brev frå 52 av 55 røysteføre innbyggjarar på Hjelmelandsida av Ombo, der dei skreiv under på at dei framleis vil tilhøyre Hjelmeland kommune. Med bakgrunn i dette brevet fatta kommunestyret eit nytt vedtak i september 2017 om at grensa burde bli verande som i dag, men at heile Ombo også kan overførast til Hjelmeland, dersom det er vilje til det.

Kommunestyret i Finnøy vedtok i desember 2017 at dei held fast på sitt vedtak frå 2016 om at heile øya skal tilhøyre Finnøy/nye Stavanger, og at dei ville søke fylkesmannen om ei utgreiing av dette. Fylkesmannen fekk i mai 2018 i oppdrag om å gjennomføre ei "mindre utgreiing" av saka. Med "mindre utgreiing" meinte departementet at innbyggjarane allereie var høyrte i saka, jf. innbyggjarundersøkinga frå 2016 og brevet frå eit stort fleirtal av innbyggjarane på Hjelmelandsida.

Fråsegner frå kommunane

I vedtaket frå 2016 viser kommunestyret i Finnøy til at *"...øya Ombo bør samlast i ein kommune. Kommunegrensa går på tvers av ei øy og eitt lokalsamfunn som elles naturleg høyre saman."* Det er Finnøy som driv oppvekstsenteret på øya med skule, barnehage og helsetenester for barn, som blir nytta av innbyggjarane på heile øya. Når barna startar på ungdomsskule, gjer dei det i sin heimkommune.

Finnøy viser i brev til fylkesmannen i mai 2018 til at dei aller fleste pendlar mot Finnøy og Stavanger frå Finnøysida av Ombo.

Hjelmeland kommune skriv i brev til fylkesmannen i juni 2018 at hovudgrunnen for å oppretthalde kommunegrensa, er den motstanden innbyggjarane viste gjennom underskriftkampanjen hausten 2017. Hjelmeland kommune meiner samarbeidet med Finnøy så langt har fungert godt, og at dei ikkje har nokon grunn til å tru at samarbeidet blir dårlegare med nye Stavanger. Hjelmeland meiner at tenesteproduksjonen for innbyggjarane på Hjelmelandsida av Ombo, framleis kan leverast på ein god måte med dagens kommunegrense.

Hjelmeland peiker også på at ei grunngjeving for å oppretthalde grensa, er at dei vil halde på fagmiljøet innanfor landbruket, samt at reiseliv og friluftsliv er viktige satsingar i Hjelmeland, og at Ombo er ein viktig del av denne satsinga.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen skriv i si tilråding at Ombo i dag fungerer som eitt lokalsamfunn som naturleg høyrer saman. Fylkesmannen viser til at innbyggjarane har felles skule, grendehus og eit felles aktivt bygderåd. Fylkesmannen peiker på at ulempene med at øya er delt i to vil bli forsterka når Finnøy blir del av nye Stavanger, og da i mindre omfang vil vere omfatta av samarbeid med Hjelmeland og andre kommunar i Ryfylke, og viser til at samarbeid om PP-tenesta og renovasjon med Ryfylkekommunane vil ta slutt ved oppretting av nye Stavanger.

Fylkesmannen kommenterer i si tilråding at det i dag manglar samarbeidsløysingar på viktige område som heimehjelp, heimesjukepleie, barnevern, og at ei grensejustering vil gje meir rasjonell drift på desse områda dersom øya blir samla i ein kommune.

Fylkesmannen meiner at det framleis kan leggjast til grunn at det er eit fleirtal blant innbyggjarane på Ombo samla sett, som ønskjer at øya skal tilhøyre same kommune, og at dette skal vere nye Stavanger.

Fylkesmannen tilrår samstundes at kommunegrensa blir verande som i dag. Fylkesmannen legg vekt på lokaldemokratiet, det initiativet innbyggjarane på Hjelmelandsida har teke, og den breie støtta initiativet har fått frå kommunestyret i Hjelmeland.

Departementets vurdering

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6 første punktum. Departementet konstaterer at det juridiske grunnlaget for utgreiinga til fylkesmannen er i tråd med reglane i inndelingslova om saksførebuing i kapittel III.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding og halde møte med kommunane. Departementet meiner fylkesmannen har levert ei utgreiing som i tilstrekkeleg grad opplyser saka slik at den kan avgjerast.

Inndelingslova § 6 inneheld ingen nærmare kriterier eller vilkår for departementets vurdering. § 1 som gjeld formålet med lova, gir likevel visse overordna rammer for departementets skjønn, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) s. 55. Etter inndelingslova § 1 skal kommuneinndelinga skje "*innanfor ramma av det nasjonale fellesskap*", "*sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning*" og "*skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredstillande tenester og forvaltning*". Vidare framgår det at lova skal "*byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar*". Dette inneber at departementet må gjere ei konkret og heilskapleg vurdering der fleire moment vil vere relevante. Departementet har eit vidt rom for skjønn i vurderinga av om det skal gjennomførast ei grenseendring eller ikkje.

Departementet meiner grensejusteringar først og fremst bør vere ein reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønster og bruk av kommunale tenester. For at ei grensejustering skal bli vedtatt, bør den bidra til å redusere utfordringar for

innbyggerane det gjeld, til dømes gi kortare reiseveg eller demokratisk påverknad på tenestetilbodet dei nyttar.

Departementet viser vidare til inndelingslovas rundskriv, nr. H-10/15 punkt 2.4.2 der det heiter: "*Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensejusteringssak. Den som står ansvarleg for utgreiinga, må avgjere kva som er "nødvendig" å greie ut i kvar einskild sak.*" Forarbeida til lova peiker på at det i grensejusteringssaker kan vere aktuelt å hente inn opplysningar om til dømes demografiske utviklingstrekk, pendling, næringsstruktur, arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur og det kommunale tenestetilbodet.

I denne saka har departementet vurdert nedanståande opplysningar og moment.

Ombo er ei lita øy med 240 innbyggerar som er delt av ei kommunegrense. Øya har også eit felles grendehus og bygderåd, noko som viser at øya er eitt lokalsamfunn som kan forvaltast enklare og meir føremålstenleg av ein kommune.

Finnøy kommune leverer i dag viktige velferdstenester til alle innbyggerane på Ombo. Oppvekstsenteret med barneskule, barnehage og helsestasjon blir drifta av Finnøy, og blir brukt av innbyggerane frå Hjelmeland. Barna frå Hjelmeland bruker også kulturskuletilbod frå Finnøy. Fylkesmannen peiker på at andre tenester som innbyggerane på øya mottok (t.d. heimesjukepleie) ville fått ei meir rasjonell drift dersom tenesta blei levert av ein kommune.

Innbyggerane var i 2016 samde om at øya bør samlast i ein kommune. Dette har også kommunane vore samde om. Når det gjeld kva kommune øya skal samlast i, var kommunane tidlegare samde i å overføre heile øya til Finnøy kommune. I etterkant av desse vedtaka har eit fleirtal av innbyggerane på Hjelmelandsida skrive under på at dei framleis ønskjer å vere ein del av Hjelmeland kommune.

Etter ei heilskapleg vurdering meiner departementet at øya bør samlast i Finnøy kommune/nye Stavanger. Departementet meiner at øya er eit samanhengande lokalsamfunn, og at bruken av tenester i Finnøy kommune tilseier at det er lite tenleg at øya er delt i to kommunar.

Vedtak

Med bakgrunn i utgreiinga frå fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom kommunane Finnøy og Hjelmeland blir justert slik at øya Ombo blir ein del av Finnøy kommune/nye Stavanger kommune frå 1. januar 2020. Statens kartverk skal i samråd med dei to kommunane, avklare det tekniske grenseforløpet.


Eit vedtak om grenseendring er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav c, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) punkt. 5.1. Vedtaket er derfor endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 første ledd.

Konsekvensar av vedtak

Reglane om økonomisk oppgjer mellom kommunane er å finne i inndelingslova kap. V, jf. Rundskriv H-10/15.

Dette vedtaket går i kopi til Skattedirektoratet, Statens Kartverk, Statistisk sentralbyrå, samt Justis- og beredskapsdepartementet og Kulturdepartementet for oppfølging og informasjon til etatar dette angår (t.d. Politidirektoratet og bispedømer).

Med helsing



Monica Mæland

Kopi

Justis- og beredskapsdepartementet
Kartverket
Kulturdepartementet
Rennesøy kommune
Skattedirektoratet
Statistisk sentralbyrå
Stavanger kommune

Adresseliste

Finnøy kommune	Rådhuset	4160	FINNØY
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Hjelmeland kommune	Vågen	4130	HJELMELAND